

Ørstdalsjente donerer fletta

Håret var så langt at ho kunne sitja på det. Nå er det avklypt, og fletta er snart på veg frå Ørstdalen til England.

KETH ODLAND

keth@dalane-tidende.no ■ 4000 8535

Med unntak av det første leveåret har 14 år gamle Katie Rishton aldri hatt kort hår; ikkje før nå. Tysdag var ho nemleg hjå frisøren. Då rauk den lange fletta hennar.

Planar for håret

Men håret hamna ikkje i dunken i frisørsalongen. Katie fekk fletta med seg heim og har klare planar for kva ho skal brukast til.

- At eg ville bruka håret til noko spesielt, hadde lege bak i hovudet mitt lenge. Så kom ideen om at det kanskje kunne bli til parykk. Mor tok kontakt med Rikshospitalet og Kreftforeningen for å høyra om dei kunne ha bruk for håret. Men i Norge lagar dei visst ikkje parykkar av ekte hår, fortel Katie.

Prinsessehår

Dermed måtte ho inn på nettet.

- Eg googla og fekk opp organisasjonen Little Princess i England. Dei lagar parykkar av ekte hår til ungar som på grunn av kreftbehandling eller av andre årsaker har mista håret. Slike parykkar er veldig dyre, rundt 2.000 pund per stykk. Eg skal senda dei fletta mi i



LANGT OG TJUKT: Håret til Katie var som eit tova teppe over ryggen hennar. Ganske varmt, altså. FOTO: PRIVAT



HÅRETE POST: Med strikk i begge endar er fletta klar til å sendast til England. FOTO: PRIVAT



ANGRAR IKKJE: Katie Rishton er fornøgd med den korte frisyren sin. Praktisk er det òg – for ei som driv med symjing. FOTO: KETH ODLAND

posten, fortel Katie.

Øg ikkje nok med det; 14-åringen har tenkt endå eit hakk lenger.

- Eg vil samla inn pengar og senda dei til Little Princess Trust saman med håret. Korleis eg skal gjera det, veit eg ikkje heilt ennå. Kanskje eg stiller meg opp bak kommunehuset på Vikeså og tilbyr meg å vaska bilar for folk.

«At eg ville bruka håret til noko spesielt, hadde lege bak i hovudet mitt lenge. Så kom ideen om at det kanskje kunne bli til parykk.»

Katie Rishton (14)

- Det verkar som om du er iderik; pleier du å vera det?

- Ja. Det er eg som pleier å få dei fleste ideane i familien vår, smiler Katie.

Praktisk i bassenget

Ho angrar ikkje på at ho klypte det lange håret sitt. Fordelane med kort hår er mange.

- Eg driv med symjing og trenar i bassenget fire gonger i veka. Bادهetta ville heile tida skli av fordi hårdulten var så stor. Og så blei håret veldig tungt når det blei vått.

- Kanskje du kjem til å symja raskare nå når du ikkje har så mykje hår å frakta med deg?

- Ja, me får sjå. I helga var eg med på Sandnesssprinten og sumde fleire individuelle konkurransar pluss stafett. Det var godt eg fekk av meg håret før det. Om eg sumde fortare enn eg ville gjort med langt hår, veit eg ikkje, men det er iallfall meir praktisk med kort hår når du driv med ein slik idrett, veit ho.

Varmt har det òg vore med langt, tjukt hår.

- Det har vore som eit tjukt, tova teppe på ryggen, beskriv Katie Rishton.